



Jostein Almås frå Stord er ein av dei ivrigaste fiskarane i Uskedalselva. Her er han med ein fisk på 7,5 kilo i 2012

Fangststatistikken for fjoråret fortel at Uskedalselva med ein fangst av laks på vel eitt tonn låg på fjordeplassen i Hordaland. Totalfangsten i fylket var 14 341 kilo som var 33 prosent auke frå 2011. Og 2011 var også eit godt år etter lang tid med tilbakegang, For sjøauren var 2012 eit nytt år med låge fangstar.

Omvikdalselva og Etnevassdraget vart opna att i fjor og særleg den siste bidro sterkt på fangststatistikken med 3797 kilo laks eller 26 prosent av fangstane.

Også i Storelva i Arna og i Dalelva i Vaksdal vart det fanga over 1 tonn laks.

Av laksefangsten i fylket vart 3551 kilo sett ut att.

Eidfjordvassdraget hadde den største sjøarefangsten med 643 kilo.

KLIKK PÅ DEN GRAFISKE FRAMSTILLINGA UNDER

Elvefangst 2012, avliva og utsett laks og sjøaure

ETNEELVA

